

Fyresdal kommune  
Sektor for plan og teknikk  
Klokkehamaren 6  
3870 Fyresdal

Det Kongelege Kommunal og  
Moderniseringsdepartement  
Postboks 8112 Dep  
NO-0032 Oslo

## **Høyring – Organisering av eigedomsoppmåling. Forslag til endringar i matrikkellova mv.**

Fyresdal kommune, sektor for plan og teknikk viser til Dykkar skriv datert 19.08.2016 der Dykk sender forslag til endringar i matrikkellova på høyring.

### **Bakgrunn for saka:**

Departementet føreslår i høyringsnotat å oppheve kommunanes ansvar for eigedomsoppmåling som eit offentleg forvaltingsansvar og i staden opne for at tiltakshavar fritt skal kunne velje landmålar. Forslaget går ut på at Staten skal overta føringa av matrikkelen og at det skal etablerast ein privat bransje for eigedomsoppmåling. Grunngevinga er mellom anna fylgjande:  
Gebyra varierar frå kommune til kommune. Det er lang ventetid og at det er ynskje om eit skilje mellom lovforvaltinga og tenesteproduksjonen.

Departementet foreslår at arbeidet skal utførast av ein privat og autorisert landmålar. Kommunen kan halde fram med oppmåling men då i konkurranse med private firma. Dei ser at det kan vere fare for at mange kommunar vil miste fagfolk og kompetanse. Kommunane skal framleis ha ansvaret for anna matrikkelarbeid, som adressering og føring av bygningsopplysingar.

### **Vurdering:**

#### *Sakshandsamingstid:*

Lovas sakshandsamingstid er på 16 veker. Denne fristen har Fyresdal kommune alltid klara å halde. KOSTRA-tal og spørjeundersøkingar visar at meir en 90 % av nye bustadtomter i 2015 var godt innanfor denne fristen. Ut frå dette ser det ut til at argumentet om raskare sakshandsamingstid har lita fagleg grunngeving.

#### *Gebyr:*

I 2016 er oppmålingsgebyret for ei bustad-/hyttetomt inntil 2000 m<sup>2</sup> i Fyresdal kr. 16.200,- pluss tinglysingsgebyr på kr. 525,-. Berekningar etter sjølvkostprinsippet syner at kommunen dei seinare åra har ligge nær full inndecking. I 2015 variera gebyra for ei tilsvarande tomt i andre kommunar frå ca. kr. 12.000,- til kr. 28.000,-. Ut frå dette kan ein vanskeleg sjå at vi har urimeleg høge gebyr. Dersom varierende gebyr er eit problem på landsbasis, så kan eit alternativ vere at det vert fastsett eit gebyrregulativ som er gjeldande for heile landet.

#### *Lokalkunnskap og rettleiing:*

Private oppmålingsfirma og sentrale aktørar vil truleg ikkje ha tilstrekkeleg lokalkunnskap. Kva med tilgang til kommunale arkiv? Rettleiing mot innbyggjarane er tidkrevjande. Dei private landmålarane vil normalt halde til lengre frå brukarane.

*Ekstra økonomisk belastning for kundane:*

Private oppmålingsfirma skal ha fortjeneste. Med meirverdiavgift og som oftast lang reisetid, vil dette fordyre oppmålingsarbeidet. Ein kan lett sjå for seg at Kartverket og kommunane tek gebyr for matrikkelføringa og kommunane vil òg ta betala for dokumentasjon som er nødvendig for å gjennomføre oppmålingsforretninga.

*Kommunane misser fagpersonar:*

Det er lett å sjå føre seg at fagpersonar og kompetanse vil forsvinne frå kommunane dersom det ikkje er grunnlag i kommunane for å ha desse tenestane. På sikt vil ei utarming av dei kommunale fagmiljøa innan kart og oppmåling kunna vere ei begrensing for mange samarbeidsprosjekt. I "Norge digitalt" og "Geovekst" samarbeider stat, fylke, kommunar event. fleire om å skaffe oppdatera kart og temadata. Dette er til stor nytte for alle i samfunnet.

*Konsekvensar for matrikkelen:*

Det er naturleg å stille spørsmål om kva konsekvensar privatiseringa av oppmålingstenesten vil ha å sei for matrikkelen. Partane har ein nøytral person, ein offentleg etat og ei einsarta klageordning å halde seg til i heile prosessen. Kva skjer dersom ein privat aktør går konkurs? Kven har då ansvaret for landmålinga?

*Framleis kommunal oppmåling, men organisert som KF eller AS:*

Departementet føreslår at kommunane framleis skal kunne drive med oppmålingstenestar. Dette må då organiserast som eit kommunalt føretak (KF) eller som eit akseselskap (AS). Drammen kommune har prøvd denne løysinga med dårlege erfaringar. Ved ein tvist kan ein førestille seg at kvar av partane stiller med kvar sin landmålar, noko som vil fordyre prosessen.

*Dagens ordning gjev god kvalitet:*

Oftast utfører dei kommunale landmålarane arbeidet og fører matrikkelen. Dette sikrar god kvalitet og ein unngår misstydingar. Den kommunale landmålararen blir som oftast sett på som upartisk.

**Konklusjon:**

Fyresdal kommune stør ikkje forslaget om å oppheve det kommunale ansvaret for eigedomsoppmåling og matrikkelføring. Vi trur heller ikkje at dette vil føre til eit betre tilbod. Ei privatisering av desse tenestene vil truleg føre til at kostnadsnivået går opp. Dei private aktørane skal tene pengar. Ein kan heller ikkje sjå at sakshandsamingstida vil bli kortare med fleire aktørar. Ei fjerning av fagmiljøet frå kommunane vil ikkje bare få konsekvensar for oppmålinga, men òg for andre oppgåver knytt til plan- og byggjesak. Vi ser for oss at dette forslaget kan føre til fleire konflikhtar i samband med eigedomstvistar.

Fyresdal kommune er òg skeptisk til at private aktørar vil prioritere einskildsaker og dei sakene som ligg avsides til. Dette er ofte saker der det går mykje tid til transport av utstyr etc. og fortjenesten står ikkje i stil til innsatsen. Dei private aktørane vil ha fokus på dei større utbyggingsområda, der det er mange tomter innan eit avgrensa område og inntektene vert høgare. Dersom kommunane bare skal sitje att med "dritarbeidet" og inntektene for oppmålingsarbeidet vert fjerna, så er det lett å sjå for seg at heile fagmiljø vil forsvinne. Dette vil få konsekvensar for svært mange kommunar i landet.

Fyresdal 15.11.2016



Arild Metveit  
Sektorsjef



Hallgeir Lund  
Avdelingsingeniør